


Møteinnkalling

Utval:	Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad:	Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etasje
Dato:	25.05.2016
Tid:	Kl 10:00

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Yrkesopplæringsnemnda, og varamedlem for lærlingerepresentanten.

Kopi vert sendt til varamedlemene til orientering. Ved eventuelle forfall frå faste medlemmer vil varamedlem bli kalla inn særskilt.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å gi melding på www.hordaland.no/forfall. Eventuelt kan ein gje melding til folkevalde@hfk.no



Tom Knudsen
leiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 18/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 19/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 21.04.2016	2016/1098	
PS 20/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 21/16	Auka gjennomføring i yrkesfaga	2016/4866	
PS 22/16	Alternative vegar til fagbrev	2016/4851	
PS 23/16	Elev- og lærlingombod vs ordninga med elevinspektør og mobbeombod	2014/22610	
PS 24/16	Trekksatsar for teoriopplæring til lærlingar	2016/4882	
PS 25/16	Reglement for Yrkesopplæringsnemnda	2016/4906	
PS 26/16	Ymse		

PS 18/16 Godkjenning av møteinnkalling og saksliste



Arkivnr: 2016/1098-4
Saksbehandlar: Ann-Magritt Juvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	19/16	25.05.2016

Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 21.04.2016

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 21.04.2016 vart tatt til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Utval: Yrkesopplæringsnemnda
Møtestad: Forskjønnelsen, Wigandgården 8. etg
Dato: 21.04.2016
Tidspunkt: 10:00 – 11:20

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Roald Stenseide	Medlem	FRP
Birgitte Svanevik	Medlem	NHO-H
Sølvi Olrich Sørebo	Medlem	KS
Roger Pilskog	Nestleiar	LO-H
Rita Jordal	Medlem	LO-H
Atle Rasmussen	Medlem	LO-H
Julie Dyrkolbotn Breistein	Medlem	

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun	Medlem	A
Tom Knudsen	Leiar	NHO-H

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Torbjørn Mjelstad	Fagopplærings sjef
Svein-Erik Røskeland	Seniorrådgjevar
Anne Sara Svendsen	Seniorrådgjevar
Sissel Øverdal	Regionleiar
Sunniva Schultze-Florey	Rådgjevar
Gunbjørg S. Hanssen	Som sekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 12/16	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 13/16	Referatsaker (meldingar)		
PS 14/16	Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.04.2016	2016/1098	

PS 15/16	Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017	2016/3735
PS 16/16	Fleksibel avvikling av fag-/sveineprøvar	2016/3037
PS 17/16	Ymse	

PS 12/16 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

PS 13/16 Referatsaker (meldingar)

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Vedtak

Det var ingen referatsaker til møte.

PS 14/16 Godkjenning av møtebok - Yrkesopplæringsnemnda 05.04.2016

Forslag til avgjerd

Møtebok frå Yrkesopplæringsnemnda sitt møte 05.04.2016 vart tatt til orientering.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Vedtak

Møteboka frå yrkesopplæringsnemnda sitt møte 05.04.2016 vart tatt til orientering.

PS 15/16 Justering av tilbudsstruktur for dei vidaregåande skulane, skuleåret 2016/2017

Forslag til innstilling

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnherad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy vidaregåande skule:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag
Austrheim vidaregåande skule:	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil
2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:

Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad vidaregåande skule blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17

grunna svært få læreplassar i faget.

4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Roger Pilskog LO-H sette fram slikt forslag:

«Yrkesopplæringsnemnda 21. april - Justering av tilbudsstruktur

Yrkesopplæringsnemnda er enig i at dersom det ikke finnes tilstrekkelig med søkere til et tilbud, kan det ikke opprettes klasser, selv om læreplasser finns. Samtidig registreres at det finnes noen søkere. Nemda ber derfor om at læreplassene som finns, og mulighetene for alternative løp, synliggjøres for disse søkerne.

I fylkesrådmannens notat til saksfremlegget, fremgår at yrkesopplæringsnemnda har sterkt frarådd opprettelse av tilbud om VG1 Medieproduksjon. Dette er en misforståelse, nemda har tidligere kun uttalt seg om Media og kommunikasjon VG1 og VG2.

VG1 Medieproduksjon er i motsetning til det tidligere media og kommunikasjon, yrkesrettet mot læreplass. Etter læretid og fagprøve kvalifiseres det til mediegrafiker, eventuelt fotograf. Det er korrekt at det ikke finnes læreplass av betydning i fotograffaget, og at det ikke gir grunnlag for å etablere klasse.

Yrkesopplæringsnemnda kan imidlertid ikke se at arbeidslivets behov er undersøkt hos mediebedriftene. Etter yrkesopplæringsnemndas erfaring, er antall ansatte i disse bedriftene i Hordaland omlag 200. Dette er bedrifter som har tradisjon for å ta i mot lærlinger. Bedriftene har hatt et rekrutteringsproblem fra det tidligere media og kommunikasjonsfaget, som ikke fungerte. Det er en av årsakene for at det nye tilbudet nå opprettes.

Yrkesopplæringsnemnda mener derfor at det må gjøres en grundig undersøkelse av mediebedriftenes behov for arbeidskraft og mulighet for inntak av lærlinger, før det tas beslutning om å ikke opprette tilbudet.»

Røysting

Pilskog sitt forslag vart vedteke som innstilling til utval for opplæring og helse som nytt punkt 5 i saka.

Innstilling til utval for opplæring og helse

1. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir lagt ned frå skuleåret 2016/17:

Kvinnerad vidaregåande skule:	Vg2 Sal, service og tryggleik
Odda vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg2 Kjøretøy
Norheimsund vidaregåande skule:	Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
Voss vidaregåande skule:	Vg1 Service og samferdsel
Fusa vidaregåande skule:	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget
Arna vidaregåande skule:	Vg1 Teknikk og industriell produksjon
Arna vidaregåande skule:	Vg2 Industriteknologi
Askøy videregående skole:	Vg2 Overflateteknikk
Sotra vidaregåande skule:	Vg3 Formgjevingsfag

Austrheim vidaregåande skule	Vg2 Automatisering
Austrheim vidaregåande skule	Vg1 Teknikk og industriell produksjon TAF
Knarvik vidaregåande skule:	Vg2 Design og tekstil

2. Følgjande utdanningsprogram/programområde blir oppretta frå skuleåret 2016/17:
Fusa vidaregåande skule: Innføringskurs for minoritetsspråklege elevar.
3. Vg1 Medieproduksjon ved Årstad videregående skole blir ikkje oppretta frå skuleåret 2016/17 grunna svært få læreplassar i faget.
4. Fylkesrådmannen får fullmakt til å opprette/leggje ned innføringsklassar for minoritetsspråklege elevar i samsvar med det behovet som måtte oppstå fram til 15.september.
5. Yrkesopplæringsnemnda er enig i at dersom det ikke finnes tilstrekkelig med søkere til et tilbud, kan det ikke opprettes klasser, selv om læreplasser finns. Samtidig registreres at det finnes noen søkere. Nemda ber derfor om at læreplassene som finns, og mulighetene for alternative løp, synliggjøres for disse søkerne.

I fylkesrådmannens notat til saksfremlegget, fremgår at yrkesopplæringsnemnda har sterkt frarådd opprettelse av tilbud om VG1 Medieproduksjon. Dette er en misforståelse, nemda har tidligere kun uttalt seg om Media og kommunikasjon VG1 og VG2.

VG1 Medieproduksjon er i motsetning til det tidligere media og kommunikasjon, yrkesrettet mot læreplass. Etter læretid og fagprøve kvalifiseres det til mediegrafiker, eventuelt fotograf. Det er korrekt at det ikke finnes læreplass av betydning i fotograffaget, og at det ikke gir grunnlag for å etablere klasse.

Yrkesopplæringsnemnda kan imidlertid ikke se at arbeidslivets behov er undersøkt hos mediebedriftene. Etter yrkesopplæringsnemndas erfaring, er antall ansatte i disse bedriftene i Hordaland omlag 200. Dette er bedrifter som har tradisjon for å ta i mot lærlinger. Bedriftene har hatt et rekrutteringsproblem fra det tidligere media og kommunikasjonsfaget, som ikke fungerte. Det er en av årsakene for at det nye tilbudet nå opprettes.

Yrkesopplæringsnemnda mener derfor at det må gjøres en grundig undersøkelse av mediebedriftenes behov for arbeidskraft og mulighet for inntak av lærlinger, før det tas beslutning om å ikke opprette tilbudet.

Forøvrig tilrår nemnda fylkesrådmannen si innstilling.

PS 16/16 Fleksibel avvikling av fag-/sveineprøvar

Forslag til innstilling

1. Som hovudregel skal fag-/sveineprøve verte halden i perioden frå 2 månader før til 2 månader etter utløpet av læretida. Ved bestått fagprøve før utløp av læretida, skal læretida likevel vere utstått før lærlingen har rett på å få utferda fag-/sveinebrev.
2. I særskilte tilfelle kan lærlingar gå opp til fag-/sveineprøve tidlegare, og læretida må ikkje vere utstått. Følgjande vilkår må vere oppfylt før slik fag-/sveineprøve kan verte halden:

75% av læretida skal vere gjennomført, og pliktig teori etter læreplanen skal vere bestått.

Det må liggje føre ein særskild grunn, til dømes at lærlingen står utan læreplass grunna permittering, oppseiing, langvarig sjukdom eller andre særskilde grunnar.

Andre tiltak, som til dømes omplassering i anna verksemd eller Vg3 i skule, er vurdert.

Lærlingen skal så langt det er mogleg få intensiv førebuing i ein viss periode før avvikling av prøva.

Lærlingen må ha samtykt skriftleg på skjema utforma for dette formålet og vere gjort merksam på konsekvensane ved stryk 1. og 2. gong.

3. Ordninga med fleksibel avvikling av fag-/sveineprøver trer i kraft frå 1. mai 2016 og skal evaluerast innan 1. juni 2018.

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Innstilling til utval for opplæring og helse

1. Som hovudregel skal fag-/sveineprøve verte halden i perioden frå 2 månader før til 2 månader etter utløpet av læretida. Ved bestått fagprøve før utløp av læretida, skal læretida likevel vere utstått før lærlingen har rett på å få utferda fag-/sveinebrev.

2. I særskilte tilfelle kan lærlingar gå opp til fag-/sveineprøve tidlegare, og læretida må ikkje vere utstått. Følgjande vilkår må vere oppfylt før slik fag-/sveineprøve kan verte halden:

75% av læretida skal vere gjennomført, og pliktig teori etter læreplanen skal vere bestått.

Det må liggje føre ein særskild grunn, til dømes at lærlingen står utan læreplass grunna permittering, oppseiing, langvarig sjukdom eller andre særskilde grunnar.

Andre tiltak, som til dømes omplassering i anna verksemd eller Vg3 i skule, er vurdert.

Lærlingen skal så langt det er mogleg få intensiv førebuing i ein viss periode før avvikling av prøva.

Lærlingen må ha samtykt skriftleg på skjema utforma for dette formålet og vere gjort merksam på konsekvensane ved stryk 1. og 2. gong.

3. Ordninga med fleksibel avvikling av fag-/sveineprøver trer i kraft frå 1. mai 2016 og skal evaluerast innan 1. juni 2018.

PS 17/16 Ymse

Saksprotokoll i Yrkesopplæringsnemnda - 21.04.2016

Vedtak

Informasjon om samfunnskontrakt om nye lærekontraktar ønskes til neste møte i YON.

Det ble vist til KS landstinget der ein oppmodar kommunane om å ha 2 lærlingplassar pr. 1000 innbyggjar.

Invitasjon til å delta på orienteringa om prosessen vedkomande skulebruksplanen.
Hotell Terminus, 28.04.2016, kl. 09.00 – 11.30.

PS 20/16 Referatsaker (meldingar)



Arkivnr: 2016/4866-1
Saksbehandlar: Torbjørn Mjelstad

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	21/16	25.05.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Auka gjennomføring i yrkesfaga. Strategiar på kort og lang sikt, ei heilskapleg tilnærming.

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til møte i fylkestinget 8. des. 2015 der det vart framsett følgjande bestilling:

«I Hordaland er det berre om lag ein tredjedel av elevane som byrjar på yrkesfag som fullfører med fagbrev. Nokon av desse fullfører med studiekompetanse, men ein stor del fell frå utan fagbrev og utan studiekompetanse. Fylkestinget set av 4,5 millionar i ein søkbar pott til skular med låg gjennomføringsgrad på yrkesfag. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge frem ein heilheitleg sak som synleggjer naudsynte tiltak og kriteria for tildeling av midlar».

Det er ikkje noko nytt at ungdomane i Hordaland slit med å skaffe seg læreplass. Kvart år står det mange ungdomar igjen som ikkje får tilbod om læreplass. Problemstillinga er ikkje eksklusiv for Hordaland. Hausten 2015 var det i overkant av 9000 søkjarar til læreplass som ikkje klarte å skaffe seg plass på landsbasis.

Vi veit mykje om kvifor dette skjer kvart år. Kva den einskilde ungdom har med seg av kompetanse og opplæring, betyr noko, om den einskilde ungdom har fått høve til å syne seg fram gjennom faget *prosjekt til fordjuping* betyr noko, kvar den einskilde ungdom bur, betyr noko. Tilfanget av læreplassar og tilhøvet mellom tal elevar og tal læreplassar betyr sjølvstøtt også mykje.

Vi har gjennom tal også vist at det er forskjellar mellom skular i kor stor grad ein lukkast med elevane. Indikator på om elevane klarer å skaffe seg læreplass eller ikkje, er ikkje ein offisiell målestANDARD, men det er sjølvstøtt klart at det er ein indikator som interesserer skuleeigar.

Det er trøng for gode strategiar både på lang sikt og strategiar på kortare sikt med tiltak for å handtere dei ungdomane som ikkje får seg læreplass i 2016.

Strategiar på kort sikt inneber at det vert gjennomført ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatarar knytt til fem vidaregåande skular. Skulane vert plukka ut etter kor mange elevar som kjem seg vidare i opplæringsløpet. Dette arbeidet vert støtta og følgd tett frå skuleeigar si side gjennom å avsette ressursar til det. Det skal utviklast felles arbeidsorganisering for desse fem yrkesfaglege koordinatarane.

Strategiar på lengre sikt vert å arbeide saman med forskingsmiljø for å utvikle nye modellar for fag- og yrkesopplæringa. Fylkesrådmannen tilrår å sjå desse tinga i samanheng. Målet både på kort og lang sikt er

at fag- og yrkesopplæringa i Hordaland skal bli enda betre enn den er i dag. Fleire skal få moglegheit til å avslutte vidaregåande opplæring med fag- eller sveinebrev.

Forslag til innstilling

1. Det vert organisert ei forsøksordning med yrkesfaglege koordinatorar ved fem skular
2. Prosjektet skal sjåast i samanheng med komande forskingsoppdrag
3. Det vert løyvd pengar til forsøksordninga i budsjettet for 2017 og 2018
4. Prosjektet skal evaluerast undervegs og rapporterer til Fylkestinget juni 2017

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 12.05.2016

Lærlingordninga baserer seg på samarbeid, gjerne omtala som trepartssamarbeid. I dette samarbeidet er grad av forplikting til systemet det som er mest utfordrande å ta omsyn til. Arbeidsgjevar, lærebedrifta, bestemmer sjølv kven han vil teikna lærekontrakt med. Det at du er ein elev i Vg 2 og har med deg høgste tilskotssats, gjev deg ingen garanti for at bedrifta ikkje vel ein lærling som har brukt opp opplæringsretten sin og tilfører bedrifta mindre pengar i form av tilskot og som gjerne er to til tre år eldre enn Vg2-eleven. I Hordaland har vi mange av desse kontraktane, om lag 25% av læreforholda er teikna på sida av 2+2-modellen. Fagopplæringskontoret har over tid vore tydeleg på at bedriftene må prioritere søkjarar med ungdomsrett, men vi har ikkje styringsrett over verksemdene.

Organisering, roller og ansvar i fag- og yrkesopplæringa.

Hordaland fylkeskommune treng ein tydeleg strategi for korleis ein organiserer arbeidet rundt den einskilde ungdom som byrjar på ei fagutdanning. I dag er dette ikkje tydeleg, noko som syner seg særleg i overgangen mellom skule og arbeidsliv. Framleis ber fag- og yrkesopplæringa meir preg av at det er to separate utdanningar enn ei heilskapleg fireårig opplæring, men biletet er ikkje eintydig.

Fylkesdirektør for opplæring varsla i 2015 at ein ønskjer ein gjennomgang av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Korleis denne er organisert frå skuleeigar si side, korleis den er organisert ute på skulane og korleis ein kan sikre ei god, berekraftig og trygg opplæring som ikkje stoppar etter to år. Ein må sjå på ressursbruk, roller og forventningar i og til systemet. Opplæringsavdelinga har i samband med dette lyst ut på anbod eit forskingsoppdrag og skal i løpet av juni ha avklart kven som skal få oppdraget. Det har meldt seg tre tilbydarar til dette.

Prosjektet har to fasar, der fase 1 er å kartleggje korleis tilstanden er. Fase 2 er å prøve ut pilotprosjekt på to skular der målet er å auke gjennomføringa og hindre at ungdom fell frå i utdanninga. Det er ønskjeleg frå skuleeigar si side at det kjem forslag om nye modellar som inneheld mellom anna organisatoriske endringar, kultur og haldningsendring og ressursbruk.

Prosjektet vil vere krevjande, og det er heilt naudsynt at skuleeigar har tydeleg grep om prosjektet, saman med det forskingsmiljøet som blir vald til oppdraget. Det betyr at det og må setjast av ressursar internt som er øyremerka dette.

Tiltak for dei skulane som har låg gjennomføringsgrad på yrkesfag.

I Hordaland har vi 35 skular som driv med fag- og yrkesopplæring, og som har varierende grad av samarbeid med arbeidslivet. Det er ikkje lett å meine noko om kva som påverkar dette samarbeidet, men vi veit at dette ofte fell ned på personlege eigenskapar. Det må vere eit mål å byggje struktur kring dette som gjer oss mindre avhengig av einskildpersonar. Sjølv sagt er det viktig med dei rette personane, men strukturen må vere berekraftig over tid. Gode struktur krev tydelege ansvarsliner, gode verktøy og gode oppfølgings- og rapporteringsrutinar.

Fylkesrådmannen ønskjer å bruke dei 4,5 mill til å styrkje arbeidet rundt samarbeid skule/arbeidsliv, utvikle gode lokale samarbeidsarenaer og sikre føreseielege løp for den einskilde ungdom. Eit slikt prosjekt krev også ein tydeleg skuleeigar, med klåre forventningar til dei einskilde skulane. Ut frå erfaringstal vi har opparbeidd oss over ein tre års periode, har vi plukka ut følgjande skular som bør få ekstra merksemd:

	Elever vg 2	% i lære	Påbygg
Årstad	296	32 %	34 %
Stord	127	43 %	28 %
Slåtthaug	170	41 %	32 %
Sotra	153	42 %	33 %
Voss vgs	55	38 %	35 %

Totalt har desse fem skulane i overkant av 800 elevar på Vg2; noko som utgjer over 43% av tal elevar frå Vg 2 som anten har søkt læreplass eller påbygg. Strukturen på desse skulane er ganske lik i den forstand at dei har tilbod innan både TIP og Elektro som er dei to utdanningsprogramma der ungdomane slit mest med å få seg læreplass. Voss vgs, som er liten samanlikna med dei fire andre, er plukka ut av di det er ein ny skule på plass frå hausten 2016 og det er viktig at samarbeid skule/arbeidsliv vert sett høgt på dagsorden frå dag 1.

Fylkesrådmannen ønskjer eit prosjekt beståande av desse fem skulane, saman med deltaking frå skuleeigar.

Prosjektet startar opp i september 2016 og vil strekkje seg over to år. Det betyr at dei 4,5 mill også må setjast av i budsjettet for 2017 og 2018.

Ved å målretta innsatsen i fyrste omgang mot desse fem skulane vil vi kome i dialog med mange elevar som slit med vegen vidare. Dette vil gje skuleeigar betre forståing av utfordringane. Desse skulane kan også byggjast opp som mottaksskular/knutepunktsskular til *Vg3 alternativ sluttopplæring* og reparasjon av mangelfull teori.

Det må tilsetjast ein yrkesfagleg koordinator ved kvar av dei fem skulane. Slike koordinatorar er heilt avgjerande for å lukkast.

Dei fire store skulane bør ha ein 100% ressurs kvar, mens Nye Voss vgs kan ha ein 50% ressurs. Stikkord i prosjektet:

- Avtalar om læreplass/prosjekt til fordjuping til alle elevane
- Rekruttere nye lærebedrifter
- Betre dimensjonering
- Formidlingsarbeid ut på skulane
- Utvikle lokale/regionale samarbeidsarenaer
- Følgje opp lærlingane/lærekandidatane i ein overgangsperiode
- Etablere samarbeid med NAV
- Knutepunkt Vg3 alternativ sluttopplæring, læreplasskurs og reparasjon av fag ein har stroke i.

I tillegg til desse yrkesfaglege koordinatorane må også skuleeigar dedikere ein 150% ressurs i ein toårsperiode med å jobbe saman med skulane med desse utfordrande problemstillingane. Det er avgjerande for å lukkast at skuleeigar er tydeleg i rolleutforminga av yrkesfagleg koordinator. Fagopplæring er for mange eit komplisert område, og det må overførast kunnskap frå fagopplæringskontoret og ut på skulane. Dette kan vi få til ved å arbeide saman om det å få fleire ut i lære. Det er viktig å understreke at ressursen frå skuleeigar også sjølvstøtt vil bli brukt i forhold til andre enn dei fem forsøksskulane. Målsetjinga må vere at alle 35 skular på sikt skal ha ein yrkesfagleg koordinator.

Økonomiske konsekvensar

Budsjett pr år vil vere:

Ca tal.

150% ressurs skuleeigar (1,1 mill)

450% ressurs yrkesfagleg koordinator (3,3 mill)

Totalt 4,4 mill.

I 2016 vil det verte forbrukt 4/12 av dette dersom ein kjem i gang frå september av. Det betyr ei belastning av budsjettet i 2016 på om lag 1,5 mill.

Fylkeskommunen har også i 2016 søkt om midlar til såkalla læreplasskurs. Desse midlane har UDIR lyst ut med søknadsfrist 9. mai. Desse midlane har vi motteke både i 2014 og 2015. I begge desse åra har vi kjøpt tenester av eksterne. Det er naturleg at desse midlane går inn i dette prosjektet og at læreplasskurs-modellar vert ein del av prosjektet som skuleeigar driv saman med skulane og NAV. Gjennom ei slik organisering kan vi halde på kunnskap og lærdom i eigen organisasjon.

Ulike modellar for tettare kopling skule/arbeidsliv

Det kan ofte vere vanskeleg å forklare den store trongen som vert kommunisert frå arbeidslivet om tilgang på faglært arbeidskraft til den ungdommen som i 2016 ikkje klarer å skaffe seg læreplass.

Hordaland har vore og er tungt inne i utprøving av vekslingsmodellen. Vekslingsmodellen har så langt vist seg som ein suksess, ikkje minst i forhold til samarbeid skule/arbeidsliv. Hordaland har også lang tradisjon for å drive med TAF-modellar, også i denne modellen er kjernen av suksess samarbeid skule/arbeidsliv. I begge modellane er det høg grad av forplikting mellom skule og arbeidsliv, og ei oppleving av likeverdige opplæringsarenaer.

Noko av utfordringa er korleis vi kan byggje same grad av forplikting i ein modell som er basert på mindre integrasjon mellom opplæringsarenaene, slik som 2 +2-modellen er. Vi tenkjer det er mogleg, men ikkje utan at dette vert nøye planlagd, følgd tett opp og at ein klarer å finne gode resultatmål.

I fyrste omgang må det ei endring til i skulen si tilnærming til utfordringa. Skuleeigar og skulane må ha same problemforståing. I dag er det ikkje skulane sitt problem at elevane ikkje klarer å skaffe seg læreplass, eller at elevane ikkje er kvalifisert til å kunne søkje læreplass. Det er skuleeigar sitt problem.

Fylkesrådmannen ønskjer å styre dei 4,5 mill inn mot nokre av dei skulane som vi veit har utfordringar knytt til å få elvane sine vidare i opplæringsløpet. Skuleeigar har i dag ikkje tydelege forventningar til at dette er skulen sitt ansvar. Organiseringa i dag er at skulane sørgjer for at elevane søkjer seg vidare enten til læreplass, påbygg eller eit nytt Vg2, og så er elevane overlatne meir eller mindre til seg sjølv. Imidlertid er det også her store forskjellar rundt om på skulane.

Vi treng å sjå på organisering, ressursbruk og roller i dette arbeidet. Tiltak er naudsynt, men tiltaka må få tid til å virke over tid.

Endringsprosessar er krevjande og krev merksemd.

Skulane som vert plukka ut, må ha ein viss storleik. Det betyr at innsatsen må målrettast mot store yrkesfagskular. Store yrkeskular har utfordringar, og dei skulane som har TIP og Elektro, slit mest. Årstad, Slåtthaug, Sotra, Stord og Voss vgs har både ei geografisk spreiding og mange elevar knytt til desse utdanningsområda. Nye Voss vgs som opnar hausten 2016, bør vere ein del av dette prosjektet. Skulen bør utviklast til å bli eit lokomotiv for fag- og yrkesopplæring i Indre Hordaland. Dette krev tett samhandling med lokalt arbeidsliv.

Det er etter kvart ein god del fylkeskommunar som utrustar skulane sine med yrkesfaglege koordinatorar eller liknande, og alle understrekar kor viktig slike roller er. Også i Hordaland har vi skular som har slike koordinatorar. Utfordringa her er at dette har vakse fram litt ulikt, og dei har ikkje noko felles møteplass eller felles stillingsinnhald. I samband med å få fram ein tydeleg strategi må skuleeigar meine noko om innhaldet i desse stillingane og korleis dei skal organiserast ute på skulane. Nokre av dei skulane vi peikar på i denne saka, har slike roller alt no, men då gjerne knytt til bestemte elevgrupper med spesielle utfordringar.

Kapasiteten i arbeidslivet set grenser for kor mange elevar fylkeskommunen kan ha i sine opplæringstilbod. Noko av forklaringa på kvifor mange ungdommar ikkje kjem seg vidare, heng saman med dette. Vi veit at mange elevar får seg læreplass gjennom faget *prosjekt til fordjuping*, og vi veit også at dei som står utan læreplass, gjerne ikkje har vore utplassert i verksemder. Ein yrkesfagleg koordinator sin viktigaste jobb er å sørge for at alle elevar får denne moglegheita. Alle opplæringskontor og lærebedrifter vi har kontakt med, understrekar kor viktig dette faget er.

I tillegg vil også skulane vere gode aktørar i å kunne auke opplæringskapasiteten gjennom å sørge for at fleire bedrifter kjem inn i lærlingordninga, noko som i neste omgang vil bidra til at fleire får seg læreplass. Det å setje skulane i stand til å hente inn forpliktande avtalar med arbeidslivet, vert også viktig i dette arbeidet. Her har Hordaland gått saman med ein del andre fylke og Kunnskapsdepartementet i å utvikle eit verktøy som skal bidra til at dette arbeidet skal vere lettare. Det krev ein samarbeids- og delingskultur som må arbeidast med over tid. Verktøyet inneheld mellom anna ein avtalemodul der alle skulane kan sjå kva bedrifter eigen skule samarbeider med.

Fylkeskommunen har dei siste to åra motteke om lag kr. 900 000 frå UDIR til tiltak for dei som ikkje får seg læreplass. Dette er omtala som læreplasskurs modell 1 og 2. Kursa har sitt utspring i Stortingsmelding 20 (På rett veg). I 2016 vil vi saman med desse fem skulane og NAV halde kurs på den einskilde skule. Desse pengane vil gå inn som ein naturleg del av prosjektet. I 2014 og 2015 har vi kjøpt tenester av eksterne aktørar. Dette har fungert godt, men vi treng å byggje kunnskap og lærdom i eigen organisasjon kring dette. Vi har etablert eit godt samarbeid med NAV og vil i samarbeid med dei prøve ut å organisere dette sjølv.

Det å klare å handtere både kortsiktige særskilte behov for den einskilde ungdom og å utvikle nokre tydelege strategiar frå skuleeigar si side, er krevjande, men heilt klårt nødvendig om lærlingordninga skal kunne bli enda betre i Hordaland, slik at fleire ungdommar både vel yrkesfag og fullfører med fag- eller sveinebrev.



Arkivnr: 2016/4851-1
Saksbehandlar: Frank Halhjem

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	22/16	25.05.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Alternative vegar til fagbrev

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå møtet i Fylkestinget 8.- 9.des. 2015 der følgjande vedtak vart fatta under PS 95/2015 Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019: 1. *Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016.*

«Alternative vegar til fagbrev.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjere dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkarane.»

Fylkesrådmannen har gjennomgått dei ulike løpa i to utvalde år der ein ser på inngåtte kontraktar og fullføring i forskjellige løp.

Det kjem fram at det er primært YSK (yrkesfagleg studiespesialiserande kompetanse), normalt omtalt som TAF (teknisk allmennfagleg), og ordinær opplæringsmodell som har høgast gjennomføring i Hordaland fylkeskommune. Den ordinære opplæringsmodellen er godt kjent blant søkjarar gjennom vilbli.no, søkjarhandboka og Vil bli noe!; heftet som grunnskuleelevar får utdelt. YSK er ein sær sars vellukka alternativ modell som er krevjande og attraktiv for søkjarar med høgt karaktersnitt.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek at grunnskulen ved lærarar, elevar og føresette vert informert om ordningane med høgast gjennomføring. Særleg YSK vert løfta opp som ein attraktiv veg mot fagbrev og høgskule for flinke elevar og er eit godt alternativ til studiespesialiserande som veg mot høgskule og universitetsutdanning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen leggje til rette for at fleire fag blir vurdert for YSK og at søkjarane vert kjent med modellen via samarbeidet med grunnskulen.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.05.2016

Fylkesrådmannen viser til protokoll frå møtet i Fylkestinget 8.- 9.des. 2015 der følgjande vedtak vart fatta under PS 95/2015 Årsbudsjett 2016 / økonomiplan 2016-2019: 1. *Budsjett for Hordaland fylkeskommune 2016.*

«Alternative vegar til fagbrev.

Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomgå dei ulike løpa innan fagopplæringa for å koma tilbake til fylkestinget med ei sak om korleis vi kan gjere dei løpa med høgast gjennomføringsprosent meir kjent blant søkarane.»

Fylkesrådmannen har gjennomgått dei ulike løpa i to utvalde år, der ein har sett på inngåtte kontraktar og fullføring i forskjellige løp.

Det kjem fram at det er primært YSK og ordinær opplæringsmodell som har høgast gjennomføring i Hordaland fylkeskommune. Den ordinære opplæringsmodellen er godt kjend blant søkjarar gjennom vilbli.no, søkjarhandboka og Vil bli noe!; heftet som grunnskuleelevar får utdelt. YSK er ein særst vellukka alternativ modell som er krevjande og attraktiv for søkjarar med høgt karaktersnitt.

Gjennomføring og val av løp

Rett fram eller alternativ modell?



Gjennomføring i forskjellige løp¹

Ei oversikt og gjennomgang over fullføring i forskjellige løpstypar i Hordaland fylkeskommune basert på tall frå VIGO.

Forklaring

FOB/LKFOB – Full opplæring i bedrift. Lærlingen/lærekandidaten har ikkje riktig VG1 eller VG2 kurs i forhold til kontrakten. Kan vere både ungdom rett frå grunnskulen og kandidatar frå andre utdanningsprogram enn lærefaget.

FOB1/LKFOB1 – Full opplæring etter VG1. Lærlingen/lærekandidaten har gjennomført eller godkjent VG1 i programområdet for lærefaget. Kan vere ungdom som går i lære etter VG1, men og vaksne som har fått godkjent VG1, særloøpsfag og fag Hordaland fylkeskommune ikkje har tilbod om på VG2 nivå, slik som Design og trearbeid og overflateteknikk.

FOB2 – Full opplæring etter VG2. Fag der ein normalt har VG3 i skule. Gjeld eit fåtal kandidatar i anleggsmaskinmekanikarfaget, automatiseringsfaget og dataelektronikarfaget.

YSK4 – Normalt omtalt som TAF- elevar og ei forkorting for yrkesfagleg og studieefførebuandee. Dei har som mål å oppnå både fag-/ sveinebrev og studiekompetanse i løpet av 4 år (4,5 i nokre fag der læretida er 4,5 år).

Andre/norm – Alle andre kontraktar er kontraktar der ein går ordinært løp, enten direkte eller etter å ha fått godkjent VG1/2/3 før kontrakt.

2010 og 2011 er valt ut då dette er dei åra som gir innsikt i gjennomføring innan FOB løp. Går ein lengre tilbake vil blanding av kontraktar frå Reform 94 og Kunnskapsløftet gje eit dårleg grunnlag for samanlikning.

Tala inneheld som nemnt fleire typar kandidatar, både dei som gått ordinært val, gjort omval, samt kandidatar som tidlegare har vore innom andre kontraktar. Difor er det tatt ut oversikt over årskull med elevar frå grunnskulen for å gje eit innblikk i gjennomføring for dei som går inn i løp direkte frå grunnskulen og dei som går inn i lære direkte etter VG1 og VG2.


Til slutt vil ein kunne konkludere med kva for løp som er det med høgast gjennomføring².

¹ 2011 og 2010 er valt som uttrekk da dei som teikna FOB kontraktar i 2011 normalt skal ha vært ferdig i løpet av 2015, det same gjeld dei som teikna kontrakt i 2010. To årskull er tatt med for betre samanlikning. Fullføring innan 31.12.2015.

² Statistikken tar ikkje omsyn til karaktersnitt eller fråvær.


Kontraktar teikna i 2010

Fordeling godkjente kontrakter i 2010



Alternative: 437 (21,27 %) Normalløp³: 1618 (78,73 %)

Fordelt på typer



Type	Antall
FOB	212
FOB1	141
FOB2	2
LKFOB	13
LKFOB1	16
YSK 4år	53
norm	1618
Totalt	2055

Fordeling fullføring kontraktar etter løp

Type	Bestått	Bestått meget	Totalt
FOB	43,40 %	10,85 %	54,25 %
FOB1	46,81 %	12,77 %	59,57 %
FOB2	50,00 %	0,00 %	50 %
LKFOB	7,69 %	0,00 %	7,69 %
LKFOB1	43,75 %	6,25 %	50,00 %
YSK 4år	62,26 %	33,96 %	96,23 %
Norm	63,29 %	13,54 %	76,82 %

³ Inkluderer kontrakt med verdiskapning og lærekandidater


Personar og fullføring⁴

2055 kontraktar, 2046 personar

- ✓ Alternative løp, 437 kontraktar, 436 personer
 - 177 kontraktar utan bestått/Bestått mykje godt, 177 personar
 - Av de 177 har 48 seinare vore oppe til og bestått fag-/sveine-/kompetanseprøve
 - Fullføring kontraktar alternative løp er 260 av 437 (59,50%), tel vi personar så er det 260 av 436 (59,63%)
- ✓ Normalløp, 1618 kontraktar, 1610 personar
 - 375 kontraktar utan bestått/bestått mykje godt, 374 personar
 - Av de 374 har 171 seinare vore oppe til og bestått fag/sveine-/kompetanseprøve
 - Fullføring kontraktar normalløp er 1243 av 1618 (76,82%), tel vi personar så er det 1236 av 1610 (76,77%)

Personar med oppnådd kompetanse innan utløpet av 2015 (som begynte på kontrakt i 2010)

- Alternative løp - 308 av 436 (70,67%)
- Normalløp - 1407 av 1610 (87,39%)



Normalløp 76,77/10,72(87,39 %) Alternative løp 59,63/11,04(70,67 %)

Ungdomskull


- ✓ 1994 kullet (FOB) ikkje lærekandidatar
 - 13 kontraktar (personar)
 - 8 bestått i kontrakten
 - Totalt 9 fullført innan utgangen av 2015 (69,23%) - 5 år
- ✓ 1993 kullet (FOB1) ikkje lærekandidatar
 - 39 kontraktar (personar)
 - 27 bestått i kontrakten
 - 30 fullført innan utgangen av 2014 (76,92%) - 4 år, 5 år med VG1
 - 31 fullført innan utgangen av 2015 (79,49%) - 5 år, 6 år med VG1
- ✓ 1992 kullet (Norm) ikkje lærekandidatar
 - 803 kontraktar (800 personar)
 - 605 bestått i kontrakten
 - 681 fullført innan utgangen av 2013 (85,13%) - 5 år med VG1/2
 - 690 fullført innan utgangen av 2014 (86,25%) - 6 år med VG1/2
 - 694 fullført innan utgangen av 2015 (86,75%) - 7 år med VG1/2

⁴ Målt på fødselsnr og kryssjekka om dei har vore oppe og bestått fag-/sveine-/kompetanseprøve innan 31.12.2015

Kontraktar teikna i 2011



Alternative: 502 (23,47 %) Normalløp⁵:1632 (76,53 %)



Type	Antall
FOB	236
FOB1	150
FOB2	2
LKFOB	6
LKFOB1	21
YSK 4år	87
(tom)=norm	1637
Totalsum	2139

Fordeling fullføring kontraktar etter løp


Type	Bestått	Bestått meget	Totalt
FOB	41,53 %	11,02 %	52,54 %
FOB1	46 %	13,33 %	59,33 %
FOB2	50 %	50 %	100 %
LKFOB	50 %	0 %	50 %
LKFOB1	42,86 %	4,76 %	47,62 %
YSK 4 år	49,43 %	43,68 %	93,10 %
Norm	59,44 %	15,82 %	75,26 %

⁵ Inkluderer kontrakt med verdiskapning og lærekandidatar

Personer og fullføring⁶

2139 kontraktar, 2125 personer

- ✓ 502 kontraktar alternative løp, 499 personar
 - 193 kontraktar utan bestått/Bestått mykje godt, 191 personer
 - Av de 191 har 33 seinare vært oppe til og bestått fag-/sveine-/kompetanseprøve
- ✓ Normalløp, 1637 kontraktar, 1626 personer
 - 405 kontraktar utan bestått/bestått mykje godt, 399 personer
 - Av de 399 har 171 seinare vært oppe til og bestått fag/sveine-/kompetanseprøve



Normalløp 75,77/10,52 (86,29 %) Alternative løp 61,92/6,62 (68,54 %)

Ungdomskull

- ✓ 1995 kullet (FOB) ikkje lærekandidatar
 - 13 kontraktar (personar)
 - 5 bestått i kontrakten
 - Totalt 5 fullført innan utgangen av 2015 (38,46 %) - 5 år
- ✓ 1994 kullet (FOB1) ikkje lærekandidatar
 - 47 kontraktar (personar)
 - 26 bestått i kontrakten
 - 31 fullført innan utgangen av 2015 (65,96 %) - 5 år med VG1
- ✓ 1993 kullet (Norm) ikkje lærekandidatar
 - 799 kontraktar
 - 637 bestått i kontrakten
 - 706 fullført innan utgangen av 2014 (88,36 %) - 5 år med VG1/2
 - 711 fullført innan utgangen av 2015 (88,99 %) - 6 år med VG1/2

⁶ Målt på fødselsnr og kryssjekka om dei har vore oppe og bestått fag-/sveine-/kompetanseprøve innan 31.12.2015. Grunna få lærekandidatar er dei utelatne.

Fullfører dei som avsluttar kontraktar som praksiskandidatar?

Var kandidatane lærlingar/lærekandidatar eller praksiskandidatar da dei fullførte etter å ha avslutta ein kontrakt oppretta i 2011. Dette gir ein indikasjon på om denne gruppa har fullført som praksiskandidat seinare.

Type kontrakt i 2011	Totalt	Lærling/lærekandidat	Praksiskandidat
Normalløp	171	167	4
Alternativt løp	34	29	5

Konklusjonen er at dei fleste som ha fullført, har fullført som lærlingar eller som lærekandidatar i nye kontraktar og at det i dette utvalet er dei færraste som fullført med fagbrev som praksiskandidat etter å ha avslutta ein kontrakt godkjent i 2011. Fordelinga er tilsvarande for 2010 utvalet.

Avslutning

Ved gjennomgang av kontraktar desse to åra og dei personane som har teikna kontrakt desse åra er det tydeleg at dei som vel å teikne kontrakt i standardmodellen har betre muligheit til å fullføre utdanninga si enn dei som vel alternative vegar til fag- eller sveinebrev gjennom lære. Unntaket er YSK lærlingane som har ei fullføring på tett under 100% etter 5 år. For 2010 utvalet er gjennomføringa på 70,67% for personar som begynte på alternative løp og 87,39% for normalløp innan utgangen av 2015. Tar ein vekk YSK- kandidatane er gjennomføringa 67,1 %for alternative løp.

Då det er YSK og normalløp som gjer seg gjeldande som dei løpa med høgast gjennomføring, er det viktig at fylket gjennom kommunikasjon med elevar og lærebedrifter melder dette vidare. For å gjere desse meir kjent blant søkjarane på grunnskulen er det då viktig at rådgjevarar, lærarar og føresette er godt informert om at dersom ein gjer det godt på skulen og er interessert i yrkesfag kan YSK - vegen vere ei god løysing enten som grunnlag for å kome i mål som fagarbeidar eller som eit godt alternativ til studiespesialiserande for å starte på høgskule eller universitet.

Gjennom informasjonsmateriell og sosiale medium kan fylket også informere om kva veg som har høgast gjennomføringsprosent. Berre ved å sjå på ungdomskullet frå 92, 93 og 94 som teikna kontrakt i 2010 kan ein sjå at gjennomføringsprosenten stig for kvar år ungdommen er i skule før læretida. Same tendensane kan ein sjå for dei som teikna kontrakt i 2011.

Dei som teiknar FOB/1 kontraktar enten som lærekandidat eller lærling, særleg gjeld dette lærekandidatane, er ofte formidla gjennom OT/PPT. Det ein ikkje veit er om denne gruppa er best tent med bli oppmuntra til å gå vidare i skulen då fråveret gjerne stig dersom desse ikkje kjem seg ut i lære. Høgt fråvær og manglande karakterar er som kjent ein utløysande faktor for dei som ikkje kjem seg ut i lære.

Vekslingsmodellen er under utprøving i Hordaland fylkeskommune. Første kullet blei tatt inn hausten 2013 og dei første kandidatane skal opp til fagprøve hausten 2017. Difor er det ikkje muleg å sei noko om gjennomføring i denne modellen på noverande tidspunkt.

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no

www.hordaland.no

05-2016/Opplæringsavdelinga/Fagopplæringskontoret.



Arkivnr: 2014/22610-3
Saksbehandlar: Laila Christin Kleppe

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Y-nemnda		25.05.16
Yrkesopplæringsnemnda	23/16	25.05.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Elev- og lærlingombod i HFK

Samandrag

Fylkesrådmannen viser til vedtak i fylkestinget 8.-9. desember 2015:

«*Elev- og lærlingombod*

Elevar i den vidaregåande skulen er ei av gruppene i samfunnet vårt med dårlegast rettssikkerheit. Elevane har ei rekkje rettigheter og plikter, men har ikkje eit uavhengig organ som sikrar at desse vert oppfylt. Difor skal det, i tillegg til eit mobbeombod, tilsetjast eit uavhengig elev- og lærlingombod. I samanheng med tilsetjinga av eit slikt uavhengig ombod skal elevinspektørane si rolle på skulane reviderast slik at det vert ei fornuftig deling mellom ombodet og elevinspektørane sitt ansvarsområde.»

Saka var førre gong oppe i fylkestinget 09.12.2014, og fylkestinget vedtok at sak om etablering av elev- og lærlingombod skal handsamast på nytt våren 2016. Det er sett av midlar til elev- og lærlingombod i årsbudsjettet for 2016 med kr. 650.000.

Eit elev- og lærlingombod skal ha ei uavhengig rolle og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar i opplæringslova blir følgt. Fylkesrådmannen meiner at ei slik ordning vil styrke oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for å ha eit tilfredsstillande system for å sikre elevar og lærlingar sitt arbeids- og læringsmiljø. Elevinspektørane fyller i dag ei viktig rolle i skulane sitt daglege arbeid for å etablere gode læringsmiljø med høg grad av elevmedverknad. Eit ombod vil i større grad kunne ha ei overordna og sjølvstendig rolle på fylkesnivå enn det elevinspektørane har i dag. I tillegg legg fylkesrådmannen vekt på at ei ordning med elev- og lærlingombod i større grad vil sikre at lærlingane i fylket kan få hjelp og rådgjeving.

For å lukkast med ei framtidig ordning med både elev/lærlingombod og mobbeombod, er det avgjerande at det tidleg vert lagt til rette for eit tett samarbeid mellom dei to omboda, og at det særleg vert gjort klart korleis dei to omboda handterer førespurnader knytt til elevar og lærlingar sin rett til eit godt psykososialt miljø (§9A). Fylkesrådmannen tilrår at det er mobbeombodet som primært skal handtere saker og førespurnader knytt til §9a i opplæringslova, og at elev- og lærlingombodet handterer andre saker knytt til fylkeskommunen si plikt i opplæringslova til å oppfylle elevar og lærlingar sine rettar.

Forslag til innstilling

Det skal i tråd med budsjettvedtaket for 2016 tilsettest elev- og lærlingombod frå 01.08.2016. Ombodet skal ha ei uavhengig rolle i fylkeskommunen og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar etter opplæringslova blir oppfylt. Stillinga vert lagt til Opplæringsavdelinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.05.2016

Fylkeskommunen har ansvar for å ha eit tilfredsstillande system for å sikre både elevar og lærlingar sitt arbeidsmiljø, og at dei får den opplæringa dei har krav på. Sak om elev- og lærlingombod har tidlegare vore handsama i Opplærings- og helseutvalet 11.11.2014, og har også vore reist ved to tidlegare høve: i 2005 og 2008 (arkivsak 200802625). I 2005 og 2008 vart behovet for eit ombod drøfta i samanheng med elevinspektørordninga. I 2014 vart saka reist etter ein forvaltningsrevisjon innan fagopplæring i Hordaland fylkeskommune, der det vart spurt om ordninga med elev- og lærlingombod kunne vere føremålstenleg. I denne saka (2014/22610) vart lærlingane sine rettar den viktigaste grunngevinga for ei eventuell oppretting av eit elev- og lærlingombod.

I møte i fylkestinget 8. desember 2015 vart sak om elev- og lærlingombod løfta fram igjen. Det er naturleg å sjå ordninga i høve til både mobbeombodsordninga og ordninga med elevinspektørar ved dei vidaregåande skulane. Dei tre ordningane skal hjelpe til å ivareta elevar og lærlingar sine rettar, og på ein slik måte at dei utfyller kvarandre og til saman syter for høg kvalitet i oppfølging av både elevar og lærlingar og at opplæringslova blir følgd.

Elevinspektør

Elevinspektørstillinga blei oppretta etter eit vedtak i fylkestinget 23.04.1998. Rundskriv HF-31-98 gjer greie for vedtaket. Elevinspektørstillinga har vore evaluert av *Analyse, utgreiing og dokumentasjon* (AUD) to gonger: i 2000 og 2009. Begge evalueringane konkluderte med at elevar, lærarar, rådgjevarar og skuleleiing var godt nøgde med elevinspektørfunksjonen.

Hausten 2012 vart det etablert ei mellombels arbeidsgruppe som skulle sjå på mandatet og foreslå ei modernisering. På bakgrunn av dette arbeidet vedtok fylkesdirektør opplæring i møte 22.10.12 følgjande arbeidsoppgåver:

«Elevinspektøren skal ivareta elevane sine rettar, og arbeidsoppgåvene kan inndelast i tre hovudområde. Det er rektor som avgjer omfang av ansvar og oppgåver innanfor hovudområda for elevinspektørstillinga. Stillinga er plassert i stab.

HOVUDOMRÅDE

1. Elevrådskontakt og elevdemokrati

Elevinspektøren har ansvar for rettleiing ved val av tillitsvalde til elevrådet, og val til elevrådsstyret. Elevinspektøren skal følgje opp arbeidet gjennom skuleåret for å hjelpe elevrådet med å etablere gode rutinar og saman med elevrådet bidra til å sikre god elevrepresentasjon i skulen.

2. Arbeid med skulen sitt læringsmiljø

Elevinspektøren har eit særleg ansvar for å følgje opp arbeid som handlar om elevane sine rettar til eit godt læringsmiljø, jf. Kap. 9a i opplæringslova.

3. Elevteneste/ rådgivingsteneste og ressursteam

Elevinspektøren skal følgje opp det sosialpedagogiske arbeidet i samhandling med elevteneste/rådgivingsteneste og ressursteam. Elevinspektøren skal følgje opp elevar som er bortebruarar.»

Elevinspektør er medlem i rektor sin stab på den enkelte vidaregåande skule. Elevinspektøren sine hovudoppgåver dekkjer det kontinuerlege arbeidet på skulane i høve til elevane sin medverknad og elevdemokratiet gjennom støtte til elevrådet. Læringsmiljøet og elevtenesta/ressursteamet er dei to andre hovudområda for elevinspektøren. Innsats på desse områda er nødvendig for å nå skulen og skuleeigar sine mål. Samarbeidet mellom elevinspektørane og mobbeombodet vil styrkje denne innsatsen.

Elevinspektøren på den einsskule skule er tett på elevane ved skulen, og det i samband med alle tre hovudområda i stillinga. Når det gjeld det første, er det å bidra til å sikre god elevrepresentasjon i skulen, heilt avgjerande for å nå dei måla skulen og elevane har for opplæringa. Det gir eit tydeleg signal om at elevmedverknad i skulen er ei prioritert oppgåve. Det å synleggjere at skulen treng elevane sin medverknad både i planlegging, gjennomføring og evaluering av opplæringa og i alt som vedkjem læringsmiljøet, er i tråd med *Styringsdokumentet for det pedagogiske utviklingsarbeidet ved dei vidaregåande skulane 2016-2018*. Gjennom dialogen mellom skulane med elevar og tilsette og skuleeigar er ulike modellar prøvd ut med gode resultat. Elevinspektøren sitt samarbeid med elevrådet er sentralt i dette.

Arbeidet for eit trygt psykososialt miljø for elevar og lærlingar må gå føre seg kontinuerleg. Elevinspektøren sine hovudoppgåver er viktige for dei vidaregåande skulane.

Mobbeombod

Hordaland fylkeskommune har sidan august 2015 prøvd ut ei ordning med mobbeombod, ei ordning som skal prøvast ut i til saman 2 år. Mobbeombodet skal vere eit lågterskel-tilbod om rådgjeving for elevar/lærlingar og føresette, og bidra med kompetanse i det førebyggjande arbeidet. Ordninga skal etter planen evaluerast lokalt våren 2017.

Mobbeombodet i Hordaland jobbar i nettverk med dei andre omboda i landet, samt med ulike kompetansmiljø. Mobbeombodet samarbeider med elevinspektørane og opplæringsavdelinga om kompetanseheving for å vidareutvikle læringsmiljøarbeidet i Hordaland. Mobbeombodet i Hordaland er og eit ombod for lærlingane og er i gang med å systematisere kontakt med alle som inngår lærlingkontrakt. Det viser seg at mobbing er eit problem for mange lærlingar, og årsak til brot i lærlingkontraktar. Mobbeombodet er tilsett for å syte for at både elevar og lærlingar har eit godt psykososialt miljø.

I prøveperioden er mobbeombodet tilsett i seksjon skule i opplæringsavdelinga.

Elev- og lærlingombod

Eit ombod er uavhengig, mottar klager og førespurnader frå enkeltpersonar, og er personifisert i større grad enn til dømes eit tilsyn. Der er ulike typar ombod, også ombod som har tilsyn med forvaltninga. Elev- og lærlingomboda er på same måte som barneombodet ombod som berre er ombod.

Elev- og lærlingomboda som er tilsett i 18 av 19 fylke, er uavhengige av andre partar som arbeider med vidaregåande opplæring, og dette skil dei frå elevinspektørane. Kwart ombod har sitt eige mandat etter vedtak frå fylkestinget, men samarbeider om felles problemstillingar og saker. Elev- og lærlingombodet skal vere uavhengig av dei ulike avdelingane i fylkeskommunen, men organisatorisk er det gode argument for at ombodet likevel sit i opplæringsavdelinga.

Elev- og lærlingomboda skal passe på at rettane til elevar og lærlingar i vidaregåande opplæring blir ivaretatt, svare på spørsmål om rettar, gje råd og bistand i saker knytt til den enkelte sin opplæringssituasjon, medan elevinspektørane følgjer opp elevane sitt læringsmiljø i det daglege.

Medan mobbeombodet har ansvar for å følgje opp at § 9A i opplæringslova blir følgd, har elev- og lærlingombodet ansvar for at å heile opplæringslova blir følgd. Lærlingane sine rettar er forankra i arbeidsmiljølova, fordi dei er definerte som arbeidstakarar.

Vurdering

Eit elev- og lærlingombod skal ha ei uavhengig rolle og sjå til at elevar og lærlingar sine rettar i opplæringslova blir følgd. Fylkesrådmannen meiner at ei slik ordning vil styrke oppfølginga av fylkeskommunen sitt ansvar for å ha eit tilfredsstillande system for å sikre både elevar og lærlingar sitt arbeids- og læringsmiljø. Elevinspektørane fyller i dag ei viktig rolle i skulane sitt daglege arbeid for eit godt læringsmiljø med høg grad av elevmedverknad. Eit ombod vil kunne ha ei meir overordna og sjølvstendig rolle enn det elevinspektørane har i dag. I tillegg legg fylkesrådmannen vekt på at ei ordning med elev- og lærlingombod i større grad vil sikre at lærlingane i fylket kan få hjelp og rådgjeving. For at ei framtidig ordning med både elev- og lærlingombod og mobbeombod skal lukkast, er det avgjerande at det tidleg vert

klargjort korleis dei to omboda handterer førespurnader knytt til elevar og lærlingar sin rett til eit godt psykososialt miljø (§9A). Fylkesrådmannen tilrår at det er mobbombodet som primært skal handtere saker og førespurnader knytt til §9a i Opplæringslova, og at elev- og lærlingombodet handterer ander saker knytt til fylkeskommunen si plikt i Opplæringslova til å oppfylle rettane til elevar og lærlingar.



Arkivnr: 2016/4882-1
Saksbehandlar: Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	24/16	25.05.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkesutvalet		23.06.2016

Treksatsar for teoriopplæring til lærlingar

Samandrag

I budsjettet for 2016 vart det vedteke at treksatsen for teoriopplæring til lærlingar skulle aukast slik at Hordaland kom på same nivå som Rogaland. Det var venta at denne auken ville gje ei meirinntekt på om lag 3 mill kr i 2016. Vidare vart det vedteke at treksatsen heretter skal regulerast i takt med auken i lærlingtilskotet.

Lærebedriftene vart varsla om dei nye treksatsane i desember 2015. Satsane vart sett til kr 98,- pr time for basistilskot I og kr 67,- pr time for basistilskot II. Satsane skulle gjelde frå 01.01.2016. I etterkant av varslinga har det kome reaksjonar frå fleire hald.

I denne saka vert det fremja forslag om å redusere satsane for 2016 til kr 75,- pr time for basistilskot I og kr 40,- pr time for basistilskot II. Frå og med 1.1.2017 vert treksatsane regulert i takt med utviklinga i lærlingtilskotet.

Forslag til innstilling

1	For 2016 vert treksatsane for teoriopplæring sett til kr 75,- for basistilskot I og kr 40 for basistilskot II.
2	Frå og med 01.01.2017 vert treksatsane regulert i takt med utviklinga i lærlingtilskotet slik det er skissert i saksframlegget

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.
Fylkesrådmannen, 12.05.2016

I budsjettet for 2016 vart det vedteke at trekkssatsen for teoriopplæring til lærlingar skulle aukast slik at Hordaland kom på same nivå som Rogaland. Det er venta at denne auken vil gje ei meirinntekt på om lag 3 mill kr i 2016. Vidare vart det vedteke at trekkssatsen heretter skal regulerast i takt med auken i lærlingtilskotet.

I Hordaland har trekkssatsen for teoriopplæring vore uendra i om lag 10 år. Tabellen under viser trekkssatsar hausten 2015 i Hordaland og Rogaland.

Fylkeskommune	Trekkssats basistilskot I ¹⁾	Trekkssats basistilskot II ²⁾
Hordaland	Kr 44,- pr time	Kr 15,- pr time
Rogaland	Kr 98,- pr time	Kr 67,- pr time

1) Tilskot til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt eller opplæringskontrakt etter opplæringslova § 4-5. Basistilskot I for 2016 er på 139 066 kroner per lærling eller lærekandidat for eitt år med fulltids opplæring.

2) Tilskot til lærebedrifter som teiknar lærekontrakt etter opplæringslova § 4-5 tredje ledd, og for lærekontraktar teikna av lærlingar som tidlegare har fått oppfylt sin rett til vidaregåande opplæring. Satsen for basistilskot II for lærekontraktar er 4 229 kroner per lærling per måned i heile læretida i bedrift, totalt 50 748 kroner i året. Eit år vert rekna som 12 månader. I denne ordninga vert det ikkje gjort skilnad på opplæringstid og verdiskapingstid. To år i bedrift gjev tilskot på 101 496 kroner.

Dersom ein legg satsane for lærlingtilskot våren 2016 til grunn, kunne satsen for basistilskot I vore sett til kr 105,- pr time og for basistilskot II til kr 75 pr time.

Lærebedriftene vart varsla om dei nye trekkssatsane i desember 2015. Satsane vart sett til kr 98,- pr time for basistilskot I og kr 67,- pr time for basistilskot II, det same som i Rogaland. Satsane skulle gjelde frå 01.01.2016.

I etterkant av varslinga av nye satsar har det kome reaksjonar frå fleire hald. Det er spesielt opplæringskontora for store lærefag t.d byggfag som har reagert på auken i trekkssatsane. Desse opplæringskontra har relativt mange lærlingar i særlop. Tilbakemeldinga er at trekkssatsen no vert så høg at bedrifta/opplæringskontoret ikkje lenger vil kjøpe teoriopplæring frå fylkeskommunen. Vidare vert det sagt at det er spesielt vanskeleg i 2016 fordi endringa kom så seint at budsjetta for 2016 allereie var lagt, og avtalar om teoriopplæring allereie var inngått.

Det er lærebedrifta som teiknar lærekontrakt og opplæringskontrakt med lærlingar og lærekandidatar, som er ansvarleg for at lærlingane får den opplæringa dei har krav på i samsvar med opplæringslova. Når lærlingen manglar teori i ein skilde fag, kan lærebedrifta inngå avtale med fylkeskommunen om at den tek ansvar for delar av opplæringa. Ansvarsfordelinga mellom bedrift og fylkeskommune skal gå fram av lærekontrakten eller opplæringskontrakten. Det er lærlingar i særlop som ofte treng teoriopplæring ved ein vidaregåande skule parallelt med læreløpet. Lærlingar som følgjer ordinær progresjon med 2 år i skule og 2 år i lære, har med få unntak dekkja all teoriopplæring gjennom skuletida.

Det er viktig å merke seg at det ikkje er faktiske utgifter ved opplæringa som skal leggjast til grunn for reduksjonen i tilskotet. Fylkeskommunen kan trekkje lærebedrifta i basistilskot I eller basistilskot II, ut frå prosentdel av tid av opplæringa som foregår utanfor bedrifta. Det er difor naturleg å knytte trekket til satsane for basistilskot I og II.

Fylkesrådmannen meiner at det er fylkeskommunen som kan gje det kvalitativt beste teoritilbodet til målgruppa, og at det er viktig at fylkeskommunen også i framtida leverer desse tenestene til lærebedriftene. Ein bør difor ta omsyn til tilbakemeldingane frå brukargruppa og setje ned trekkssatsen for 2016.

Dersom ein legg til grunn ei deling av auken i satsane mellom fylkeskommunen og bedriftene, vert satsane til kr 75,- for basistilskot I og kr 40 for basistilskot II. Dette vil gje eit stipulert inntektstap på 1,5 mill kr i høve budsjett 2016. Fylkesrådmannen meiner at vi frå 01.01.2017 bør regulere satsane i tråd med nivået på

lærlingtilskotet, slik at fylkeskommunen får tilskotet for sin del av opplæringstida. Dersom ein legg lærlingtilskotet pr 01.01.2017 til grunn, vil satsane vere kr 105,- pr time for basistilskot I og kr 75,- pr time for basistilskot II. I samband med budsjett 2017 legg fylkesrådmannen til grunn at satsane vert regulert til dette nivået. For påfølgjande år vert teoritrekke justert i tråd med utviklinga av lærlingtilskotet.



Arkivnr: 2016/4906-2
Saksbehandlar: Sissel Øverdal

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	25/16	25.05.2016
Utval for opplæring og helse		02.06.2016
Fylkestinget		14.06.2016

Reglement for Yrkesopplæringsnemnda

Samandrag

Hordaland fylkeskommune har ikkje eit eige reglement for Yrkesopplæringsnemnda. Dette har blitt tatt opp av nemnda hausten 2015, og fylkesrådmannen har funne det riktig at det vert utarbeidd eige reglement for yrkesopplæringsnemnda.

Forslag til innstilling

Fylkesrådmannen rår til at reglement for yrkesopplæringsnemnda vert vedtatt slik det går fram av saksutgreiinga.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Brev til fylkesutvalet frå LO og NHO
2. Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune, utdrag frå delegasjon etter opplæringslova.
3. Ansvar og myndighet i Rogaland fylkeskommune, reglement for yrkesopplæringsnemnda.

Fylkesrådmannen, 13.05.2016

Fylkesrådmannen viser til brev til fylkesutvalet frå LO og NHO om reglement og vedtaksmynde for Yrkesopplæringsnemnda, vedlegg 1. Behovet for eige reglement for Yrkesopplæringsnemnda blei sakshandsama av Yrkesopplæringsnemnda i sak 32/15 (30.11.2015) der nemnda slutta seg til innspelet frå LO og NHO.

Generelt om delegasjon

Fylkestinget er det øvste og styrande organet i fylkeskommunen. All mynde i fylkeskommunen ligg i utgangspunktet i fylkestinget. Underliggjande organ må få mynde delegert dersom fylkestinget ynskjer at organet skal utøve mynde, jf. § 6.

Rett til vidaredelegering er regulert i kommunelova. I nokre høve er delegering også regulert gjennom særlovene som opplæringslova. Fylkestinget kan delegere mynde, med unntak av nokre saker til folkevalde organ (jf. § 10.2) og til fylkesordførar (jf. § 9) og fylkesrådmann (jf. § 23.4) i saker av ikkje prinsipiell tyding. Det delegerande organet kan ikkje delegere frå seg ansvaret for dei vedtaka som vert fatta.

Vurdering

I delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune (2014/15940-7; rev. 27.10.15) er fylkesrådmannen delegert mynde m.a.

- a) til å gjere den faglege vurderinga av bedrifter i høve godkjenning eller tap av godkjenning (jf. § 4-3),
- b) fullmakt til å godkjenne og samtykke i endring og heving av lærekontrakt og opplæringskontrakt (jf. §§ 4-5, 4-6)
- c) fullmakt til å nemne opp prøvenemnder (jf. §4-8). For nærare informasjon, sjå vedlegg 2.

Yrkesopplæringsnemnda viser til reglement for Yrkesopplæringsnemnda i Rogaland fylkeskommune og ber om at Hordaland fylkeskommune bruker denne som utgangspunkt, sjå vedlegg 3. Fylkesrådmannen har i sitt framlegg til reglement for Yrkesopplæringsnemnda i Hordaland fylkeskommune tatt omsyn til dette innspelet frå nemnda i den grad gjeldande lovverk og eige delegasjonsreglement gir rom for det.

Fylkesutvalet har i møte i desember 2015 oppnemnt ei gruppe som skal gjennomgå og vurdere endringar i delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune (2014/15940-4). Det vert teke sikte på å leggje fram revidert delegasjonsreglement hausten 2016. Reglement for Yrkesopplæringsnemnda vil kunne inngå i dette revisjonsarbeidet.

Forslag til reglement for yrkesopplæringsnemnda

Yrkesopplæringsnemnda skal føre tilsyn med bedriftsopplæringa i Hordaland.

Yrkesopplæringsnemnda har eit utviklingsansvar, og skal ta initiativ til å fremje fagopplæring i arbeidslivet. Yrkesopplæringsnemnda er rådgivar for styresmaktene i fylket når det gjeld opplæring i fag under opplæringslova. Dette gjeld opplæring i bedrift og i skule. Nemnda har også ei viktig oppgåve med å informere skuleelevar om dei mulighetene som ligg i ei fagutdanning.

Yrkesopplæringsnemnda er sett saman av politikarar og representantar frå arbeidslivet.

1. Samansetjing

Fylkestinget nemner opp Yrkesopplæringsnemnda med oppgåver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4 i lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 nr. 61.

Nemnda skal ha medlemmer som til saman har brei innsikt i heile fag- og yrkesopplæringa og i nærings- og sysselsetjingsspørsmål.

Etter vedtak i fylkestinget 27.10.15 i sak 84/2015 skal Yrkesopplæringsnemnda i Hordaland ha 9 medlemmer med personlege varamedlemmer. 3 medlemmer skal nemnast opp etter forslag frå arbeidstakar-

organisasjonane, 2 frå NHO, 1 frå KS, 2 frå fylkestinget og 1 elev-/lærling-/lærekandidatrepresentant. Funksjonstida til nemnda er den same som for fylkestinget. Lærlingrepresentanten vert oppnemnd for to år om gongen.

Nemnda vel sjølv leiar og nestleiar, jf. opplæringslova § 12-3.

2. Oppgåver

Ansvarsområde og arbeidsoppgåver for Yrkesopplæringsnemnda er gitt i opplæringslova §§ 4-3, 4-8 og 12-4 og forskrifta kapittel 11.

Yrkesopplæringsnemnda skal innan sitt saksområde arbeide med:

- å fremje innstilling til organisering, arbeidsmåtar og strategiar
- å vurdere og uttale seg om rutinar i fylkeskommunen
- å vurdere korleis partane i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og –sikring
- å vurdere korleis samhandlinga mellom skular og lærebedrifter kan betrast
- å vurdere korleis kompetanseutvikling kan sikrast
- å arbeide for best mogleg dimensjonering av vidaregåande opplæring og gi råd om tiltak
- å arbeide for best mogleg rådgjeving og foreslå tiltak
- å gi råd om samhandling mellom skular og bedrifter for å medverke til regional utvikling

Saker der Yrkesopplæringsnemnda gjev tilråding:

Dette gjeld m.a. saker som:

- saker som har følgjer for fag- og yrkesopplæringa
- fylkeskommunen sitt system for fag- og yrkesopplæring
- godkjenning av lærebedrifter jf § 4-3, forskrifta § 11-1
- tap av godkjenning jf § 4-3, forskrifta § 11-5
- oppnemning av prøvenemnder og yrkesutval, jf. § 4-8

Ved godkjenning og tap av godkjenning for lærebedrifter skal fylkeskommunen leggje avgjerande vekt på den faglege vurderinga til nemnda.

Saker der Yrkesopplæringsnemnda har avgjerdsmynde

- Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Yrkesopplæringsnemnda.

Fråsegner

- Yrkesopplæringsnemnda kan på vegne av nemnda gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Yrkesopplæringsnemnda har til vanleg møte om lag ei veke i forkant av møta i utval for opplæring og helse.

4. Sakshandsaming

For Yrkesopplæringsnemnda gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar. Fylkesrådmannen førebur sakene nemnda skal behandle.



NÆRINGSLIVETS HOVEDORGANISASJON CONFEDERATION OF NORWEGIAN ENTERPRISE

Postadresse Postal Address
Postboks 694 Sentrum
NO-5807 Bergen
Norway

Adresse Address
Veiten 3
Bergen
Norway

Org nr. Org.no.
NO 955 600 436 MVA

Telefon Telephone
+47 55 23 98 00
Telefaks Telefax
+47 55 23 98 01

E-post E-mail
nho.hordaland@nho.no
Internett Internet
www.nho.no/hordaland



Landsorganisasjonen i Norge
Hordaland

Hordaland Fylkeskommune
v/Fylkesutvalget

Vår dato 08.10.2015
Deres dato
Vår referanse
Deres referanse

Innspill til oppnevning av yrkesopplæringsnemnd i Hordaland

Vi ønsker at det fremmes ny sak hvor en ser på retningslinjene til yrkesopplæringsnemnda. Særsilt ønsker vi Rogalandsmodell med vedtaksrett vurdert opp mot praksis i dag hvor yrkesopplæringsnemnden er hørings- og rådgivningsinstans.

Rogalandsmodellen har en etter vår mening gode rammer i form av vedtaksrett og en aktiv tredjepart ved at nemden sikres politisk forankring til Fylkesutvalget. Vi vil også understreke viktigheten av at Y-nemnda knyttes tettere opp mot helse- og opplæringsutvalget, og at dette hensyntas i utredningen av saken.

Vi er kjent med at Fylkesutvalget i Sør-Trøndelag fylkeskommune har gjort slikt vedtak i forbindelse med oppnevning av ny opplæringsnemnd i Sør-Trøndelag:

"I forbindelse med arbeidet med yrkesfagløftet, med målsetting om å øke status på yrkesfag og øke antall læreplasser, er det også fremkommet behov for å se på myndighetsområde til Y-nemda. Vi ser samtidig en økende arbeidsledighet også i Sør-Trøndelag. Dette gjør at vi må være enda tettere på arbeidslivet for å få riktig utdanningsløp og rådgivning. I dag har Y-nemda kun høringsrett, mens for eksempel i Rogaland har Y-nemda vedtaksrett. Rogaland gjør det veldig bra på yrkesfagutdanning med fagbrev og læreplasser. Dette mener de henger sammen med ansvar og tillit til partene i arbeidslivet. Fylkesutvalget ber derfor om en ny sak hvor en også ser på nye retningslinjer for Y-nemda med tanke på innføring av en ordning tilsvarende Rogalandsmodellen. En slik modell bør også Y-nemda, og partene i arbeidslivet bli hørt på. Dette kan også få betydning for Yrkesopplæringsnemndas sammensetning. Derfor utsettes saken til ny sak blir lagt frem for fylkesutvalget."

Vi vil be fylkesutvalget i Hordaland fylkeskommune gjøre tilsvarende vedtak.

Med vennlig hilsen

Tom Knudsen
Regiondirektør
NHO Hordaland

Roger Pilskog
Distriktssekretær
LO Hordaland

Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune

C. DELEGASJON ETTER SÆRLOV

25. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61

§ 1-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til at det vert gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

§ 3-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn elevar til vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen har fullmakt til etter søknad å gje elev eller lærling løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten til opplæring tek slutt.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil eitt år etter søknad om omval.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om at elev som etter reglane i kap. 5 har rett til spesialundervisning kan få vidaregåande opplæring i ytterlegare 2 år når eleven etter sakkunnig vurdering treng det.

Fylkesrådmannen skal tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgja den opplæringa som er vald.

Opplærings- og helseutvalet kan påleggja elevane, lærlingane og lære kandidatane å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 opplæring etter § 4A-3 i staden når det ligg føre særlege grunnar.

§ 3-2

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje forskrifter om skole- og feriedagar i skoleåret for elevane.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga for den delen som gjeld opplæring i bedrift.

§ 3-4, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til avvik frå forskrifter om læreplanar etter fråsegn frå skoleutvalet.

§ 3-5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om den praksisen som kandidaten viser til, kan godkjennast.

§ 3-7

Utvål for opplæring og helse har fullmakt til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skole.

§ 3-8

Utvål for opplæring og helse kan fastsetje i ordensreglement at ein elev som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil 5 dagar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om bortvising for resten av skoleåret av ein elev som vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går utover orden og arbeidsro på skolen, eller som alvorleg for-
sømmer pliktene sine. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen. I samband med eit vedtak
om bortvising for resten av skoleåret har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjere vedtak om at eleven skal
mista retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen.

§ 3-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om vidaregåande opplæring i og på teiknspråk når eleven etter
sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om opplæring i punktskrift og i bruk av nødvendige tekniske
hjelpemiddel, og i å ta seg fram på, til og frå skulen og i heimemiljøet når eleven etter sakkunnig vurdering har
behov for det.

§ 3-12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minorite-
tar.

§ 4-3, første ledd, jfr. siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærebedrifter og gjera vedtak om tap av godkjenning.

§ 4-3, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna opplæringskontor eller opplæringsring som inngår i opplærings-
kontor.

§ 4-4, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla melding frå bedrifter som ikkje kan gje lærlingen tilfredsstillande
opplæring.

§ 4-5, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærekontakt og opplæringskontrakt.

§ 4-6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i endring og heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt, og
avgjera når læreforholdet skal ta slutt. Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i at læretida kan avbrytast i
samband med permisjon.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om at retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 ikkje skal
falla bort når lærlingen eller lærekandidaten frivillig hevar kontrakten.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om forlenga kontrakttid i ny lærebedrift.

§ 4-7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla saker om internkontroll i lærebedrift.

§ 4-8, første, andre og tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla fylkeskommunen sine oppgåver knytte til fagopplæringa, med
unntak av der mynde er lagt til andre.

§ 4-8, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveine-
prøve utan læretid.

§ 4-8, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til, etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda, å nemna opp ei eller fleire prøve-
nemnder. Fylkesrådmannen kan eventuelt nemna opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.

§ 4A-3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn vaksne elevar til vidaregåande opplæring.

Utval for opplæring og helse kan påleggja vaksne som får vidaregåande opplæring å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift, og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplæringsnivå.

§ 4A-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta avgjerd om det skal nyttast studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar eller andre som gjev tilbod om vidaregåande opplæring for å oppfylla plikta til å gje opplæring til vaksne.

§ 4A-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjere vedtak om bortvising av ein elev frå resten av kurset eleven/deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjere vedtak om at eleven/deltakaren skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skolen.

§ 5-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om spesialundervisning for elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

§ 7-2

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera dagleg skyss for elevar som har rett til dette.

Fylkesrådmannen skal hjelpe til med å skaffe losji for elevar i den vidaregåande skolen som bur slik til, eller som har så lang veg, at dei ikkje kan nytta dagleg skyss til skolen.

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å fastsetja satsar for kost og losji ved internata ved dei vidaregåande skulane.

§ 7-3

Fylkesrådmannen skal organisera skyss for elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har rett til skyss.

§ 11-5a

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma at skoleutvalet kan vera skolemiljøutval. Fylkesrådmannen har fullmakt til å oppnemna fylkeskommunen sin representant i skolemiljøutvalet.

§ 13-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera skyss for grunnskuleelevar, vaksne, og førskulebarn som har rett til dette.

Forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724

Der forskriftene til opplæringslova plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegne av fylkeskommunen, med unntak av

- § 5-14 Fylkeskommunal klagenemnd har fullmakt.

ANSVAR OG MYNDIGHET I ROGALAND FYLKESKOMMUNE

Vedtatt i fylkestinget 8. desember 2015, sak 117/15. (utdrag)

YRKESOPPLÆRINGSNEMNDA

1. Oppnevning og utvalg

Fylkeskommunen oppnevner yrkesopplæringsnemnda med oppgaver etter §§ 4-3, 12-3 og 12-4 i lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) av 17.07.1998 nr. 61.

Yrkesopplæringsnemndas arbeidsoppgaver er gitt i opplæringslova §§ 4-3, 4-8 og 12-4.

1.1 Sammensetning

Nemnda skal ha medlemmer med personlige varamedlemmer som til sammen har bred innsikt i hele fag- og yrkesopplæringen og i nærings- og sysselsettingsspørsmål. Partene i arbeidslivet skal ha flertall i nemnda og minst én representant skal oppnevnes etter forslag fra organisasjoner som representerer elever, lærlinger og lære kandidater. Nemnda velger selv leder og nestleder, jf. opplæringslova § 12-3.

Kommuneloven § 14 nr. 1 bokstav a gjelder ikke for oppnevning av medlemmer til yrkesopplæringsnemnda.

1.2 Funksjonstid

Funksjonstida til nemnda er den samme som for fylkestinget. Lærlingerepresentanten oppnevnes for to år om gangen.

1.3 Saksforberedelse

Fylkesrådmannen forbereder sakene nemnda skal behandle.

1.4 Delegering

Yrkesopplæringsnemnda kan gi fylkesrådmannen fullmakt til å gjøre den yrkesfaglige vurderingen av bedrifter, eller til å utføre andre oppgaver som etter lov og forskrift er lagt til yrkesopplæringsnemnda.

1.5 Yrkesutvalg

Nemnda skal oppnevne et rådgivende yrkesutvalg for hvert fag eller fagområde, eller benytte prøvenemnda som yrkesutvalg. Departementet kan gi forskrifter om sammensettingen av og virksomheten til yrkesutvalget.

2. Yrkesopplæringsnemndas ansvarsområde og arbeidsoppgaver

Jf. § 12-4 og forskriften kapittel 11

Yrkesopplæringsnemnda skal i form av vedtak uttale seg i saker som fylkeskommunen etter opplæringslova § 4-8 er pliktige til å legge fram for nemnda.

Dette gjelder blant annet saker om:

- godkjenning av lærebedrifter jf § 4-3 jf forskriften § 11-1
- tap av godkjenning jf forskriften § 11-5
- fylkeskommunens system for fag- og yrkesopplæring

Ved godkjenning og tap av godkjenning for lærebedrifter, skal fylkeskommunen legge avgjørende vekt på nemndas faglige vurdering.

For å utvikle og sikre kvaliteten på fag- og yrkesopplæringen skal yrkesopplæringsnemnda

- fremme forslag til organisering, arbeidsmåter og strategier
- vurdere og uttale seg om rutiner i fylkeskommunen
- vurdere hvordan partene i arbeidslivet skal bidra til kvalitetsutvikling og –sikring
- vurdere hvordan samhandling mellom skoler og lærebedrifter kan forbedres
- vurdere hvordan kompetanseutvikling kan sikres
- arbeide for best mulig dimensjonering av videregående opplæring og gi råd om tiltak
- arbeide for best mulig rådgivning og foreslå tiltak
- gi råd om samhandling mellom skoler og bedrifter for å medvirke til regional utvikling

Myndighet etter følgende paragrafer i opplæringsloven delegeres til

yrkesopplæringsnemnda:

§ 4-3 Godkjenning av lærebedrifter

§ 4-5 Godkjenning/avvisning av lærekontrakter og opplæringskontrakter

§ 4-6 Enkeltvedtak knyttet til endring av kontraktsforhold, heving, avslutning eventuelt videreføring av kontraktsforhold hvor partene (lærling lærebedrift) er uenige om kontraktsforholdet

§ 4-8/3-5 Godkjenning/avvisning av fag-/svenneprøve utenom læreforhold / skole

§ 4-8 Oppnevning av prøvenemnder og yrkesutvalg

Myndighet etter følgende paragraf i forskrift til opplæringsloven delegeres til

yrkesopplæringsnemnda:

§ 4-62 Utstedelse av fag- og svennebrev

PS 26/16 Ymse